



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

## MØTEBOK

### Balestrand sokneråd

**Møtedato:** 24.09.20, endra til 01.10.20  
**Møtetid:** Kl. 19:30-21:30 – endra til kl 20:00  
**Møtestad:** Kyrkjestova, – endra til Kvikne.  
**Innkalla:**

Kari Kvikne (leiar), Kjetil Netland (geistleg repr.), Anne Karin Solheim Sjøthun, Berit Støle, Laila Vang, Ole Eilifsen, Per Tusvik, Kristi Tjoflaat Miconi, Helge Ulvestad.

Forfall: Per Tusvik. Jan Herland, Jenny Menes. Marit Vannes innkalla, men hadde ikkje høve å møte.

## Sakliste:

### Merknad til innkalling og sakliste.

Ingen merknad

### Sak 44/20: Meldingar

- **Vedr gudstenesteplanen.**
  - Det er sendt ut redigert gudstenesteplan (vedlegg1).
  - HANDSAMING I SOKNERÅDET:
  - Kyrkjevertansvar vart fordelt.
  - Redigering av GTP vert gjort i programmet ‘medarbeidaren’ som alltid skal vere oppdatert. Kjetil og Kari sørgjer for oppdatering av denne.
  - **Konfirmasjonsdagane:**
    - Kyrkjevertar og klokkar kle seg fint tilsvarende dagen.
    - Må vere 2 kyrkjevertar, må få inn liste over kven om møter på førehand som sjekkast ved inngang. Familiar attmed kvarandre, elles ein meter avstand.
    - Evt merke benkane med familiar. Plassere familiar når deltakarlistene er mottatt. Bruke annankvar benk. Ved neste gudsteneste dagen nyttast motsatt benk.
- **Julekonsert / julaftan:**
  - 3 gudstenester, for å halde smittevernreglar vert det laga ‘billetter’, maks 70 til kvar gudsteneste. Informasjon ut om påmelding til kyrkjekontoret, evt direkte til Jostein viss mogeleg (Kjetil avklarar).

Fått ordning der billettane kan hentast på Joker. Kari har snakka med Gudvin.

- Kjetil snakkar med Jostein, lagar konkret forslag til organisering.

- **Organisering smittevernreglar.**

Det er mottatt nye smittevernreglar frå bispedømmekontoret. I praksis lite endringar frå før.

- AU meiner vi har etablert gode rutinar og held fram med desse.
- 1 meter regel viktigast.
- Etablere ein smittevernansvarleg som tek ansvar, (eksempel viss det viser seg at nokon har forkjølingssymptom og bør rådst til å forlate lokalet - eller har spørsmål kring smittevern. Kari Har laga skilt som smittevernansvarleg skal ha på seg.
- Fast informasjon om smittevern og smittevernansvarleg i informasjonen ved starten av gudstenesta.
- Leikeutstyret for barne skal framleis delast ut.

- **Nærmiljøråd**

- Etableringskveld på Kvikne er flytta frå 17.09 til torsdag 15.10, kl. 19.00 – 21.00
- Det er sendt ut saksliste og orientering (vedlegg 2).
- Det er laga forslag til interimsstyre. Ikkje framlegg til deltakarar frå soknerådet.

HANDSAMING I SOKNERÅDET:

- **I møtet sa følgjande personar seg einig i å møte frå soknerådet:**
  - Ole, Kari, Anne Karin, Helge og Kjetil

- **Seminar for kyrkjelyden:**

- Viser til tidlegare drøfting i sokneråd.
- Frode Sætre kjem 13-15 november.
- Gamlemisjonen i Fjordane skal ha misjonsfest i Vetlefjorden. Føresler at ein kan halde seminaret same stad og kombinere med misjonsfesten.
- Kjetil avklarar nærare.

TILLEGGSOPPLYSNINGAR OG HANDSAMING I SOKERÅDET:

Vetlefjorden kan ikkje ta på seg misjonsfest, men kan stille med kaker og delta i fest.

Frode Sæter har stadfesta at han kjem.

Laurdag: første samling kl 12, deretter festsamvær, ettermiddagssamling - ferdig kl 17:00. Må ha påmelding.

Stad: Bedehuset alternativt Kvikne viss det vert for mange til Bedehuset.

Programnemnd: Kjetil, Kari Kjersti. Program vert sendt ut.

- **Lukasevangeliet i ny versjon:**

- Vert gjeve ut av Bibelselskapet, ønske om å dele ut til konfirmantane
- AU gjer framlegg om at soknerådet kjøper inn eit eksemplar til kvar av konfirmantane. Pris kr 2197.
- Høve for folk å bestille.

## **HANDSAMING I SOKNERÅD:**

Soknerådet støttar innkjøp. Kjøpet gjeld haustens konfirmantar, ein tenker pr no ikkje at dette skal bli tradisjon for vidare konfirmantkull.

Kjetil har fått spørsmål om Balestrand Sokn kan vere prøvekyrkjelyd for den nye versjonen av Lukasevangeliet. Må tilbakemelde til bibelselskapet syn kring den nye versjonen. Soknerådet gav tilslutning til dette.

- **Plakatar og kunngjeringar til gudstenester.**

- Plakatar har vore utegløynt ved eit par gudstenester og det er behov for å finne betre ordning.
- Forslag om at Kjetil får mal og lagar plakataner – sende ut pr mail til sokneråd og kontaktar i grendene og/eller deler ut i soknerådet for distribuering.

### **Vedtak:**

Meldingane tekne til orientering med tillegg nemnt under handsaming.

### **45/20: Frivillig rekruttering/frivillig kveld.**

Planen var å arrangere frivillig kveld på Kvikne etter mal av den som var halden i februar. Målet er å sette fokus på det frivillige arbeidet, gje utvala høve til å planlegge og sette pris på arbeidet som vert gjort.

Pga smittevernreglar kan maks tal ved samlingar bli redusert til 50 personar. Dette kan sette uheldig grense for denne samlinga og AU gjer difor framlegg at kvar frivilliggruppe held separate møte. Ber Soknerådet komme fram til einarbeidsplan for utvalgsmøta slika t alle har gått gjennom det same i forhold til tema: visjon, punkt for kva ein vil oppnå, korleis få med folk, korleis ser ein for seg langtidsarbeidet (kortsiktige og lange mål).

Kvar frivilliggruppe avklarar dato og stad for møte. Referat sendast soknerådet innan 20. oktober.

Soknerådsmøte samlar innspela frå gruppene for drøfting i møte den 29. oktober, eventuelt med korreksjonar tilbake til gruppene.

Leiar kontaktar gruppene med informasjon.

### **Handsaming:**

Soknerådet hadde ikkje motsegner til delt samling i grupper.

Kari, Kjetil og Helge lagar utkast til mål- og arbeidsdokument for dei ulike gruppene.

### **Vedtak:**

Soknerådet hadde ikkje motsegner til delt samling i grupper.

Kari, Kjetil og Helge lagar utkast til mål- og arbeidsdokument for dei ulike gruppene.

Oversyn over utvala (Sak 26/20 i soknerådsmøte den 14.05.20):

### **Vedtak:**

1. Soknerådet må så langt mogeleg vere representert i utvala som har kyrkjeleg og prinsipielt innhald.
2. Følgjande personar vert spurd om å delta i utvala:
  - a. **Kyrkjestoveutvalet:**
    - Helge Eilifsen, Ingrid Menes.
    - Malene Sværen? Kari kontaktar – ikkje avklara.
  - b. **Bygnings - og kyrkjegardsutval:**
    - Anne Karin Solheim Sjøthun, Rune Andersen, Helge Ulvestad

Utvalet skal syte for god kommunikasjon med kyrkjeverje i saker av prinsipiell karakter, saker som må godkjennast av riksantikvaren og saker som medfører kostnader.

- Organisering:
  - Grupper for kvar kyrkje.
    - Sæle: Reidar, Jon Asbjørn, Ragnar Aaland, ein frå Nessane grendelag.
    - Kvamsøy: Rune Andersen, Jon Asbjørn Målsnes, Oddvin Kvamme, Kan spørjast til dugnad: Anne B Balevik, Magni Jensen.
    - Tjugum: Anders Mæland, Hans Dale, Harald Tjugum, Eirik Tjugum, Lars Hallvard Ese, Kurt Ove Lidal
    - Konfirmantforeldra inviterast til hovuddugnad på våren – utvalet kontaktar desse
    - Kyrkjetenar Andemichael Fisseha.
- c. Gudsteneste, musikkutval:**
  - Utvalet vert etablerer med 5 undergrupper:
  - Framlegg
    - Forsangargruppe – ansvar Laila Vang.
    - Kyrkjevertar – ansvar: Kari Kvikne.
    - Kaffivertar – ansvar: Anne Karin Solheim Sjøthun
    - Klokkargruppe – ansvar: Kjetil Netland
    - Barnesamling – ansvar: ikkje avklart
      - Henning Sagevik, Åshild Alte Sagevik og Elisabeth Nesse vert spurd.
      - Kjetil kontaktar.
- d. Trusopplæringsutval:**
  - Magni Risa, Jenny Menes, Rut Solveig Netland, Lisa Grinde, Berit Støle.
- e. Diakoniutval:**
  - Tore Brudvik, Margot Ryssdal (ikkje avklart), Per Tusvik, Jan Herland  
Ingun Ulvestad, Kirsten Marie Ålhus, Marit Almelid Grøneng (ikkje avklart), Ann Christin Flatland (er spurt og vil ha tenketid).
  - Organisering:
    - Pårørandegruppe / besøksgruppe: besøk og tilbod til dei som har mista nokon eller har andre behov: Per Tusvik, Tore Brudvik, Jan Herland, Margot Ryssdal, Ingun Ulvestad, Kjetil Netland.
    - Kirkens nødhjelp – organisere innsamling av midlar: Kjersti Ulvestad, Laila Vang.
      - Felleskapsgruppe (Helsetun/ bustader): Jan Herland, Per Tusvik, Marit Eidsnes, Audun Raubotn, Yonas Ghi.
- f. Informasjonsutval (nytt utval):**
  - Kari Kvikne, Ole Eilifsen, Jostein Risa, Helge Eilifsen, Jostein Risa, Marit Vannes.
  - Organisering:
    - Ansvar Facebook: Kari Kvikne.
    - Redaksjonsnemnd til kyrkjelydsbladet og artiklar til heimesida : Helge Eilifsen, Kjell Helland.
    - Plakat- og informasjonsgruppe: Jostein Risa, Marit Vannes, Kari Kvikne, Hallbjørg Eidhamar, Margot Ryssdal.

### 3. Generelt for alle utvala:

Dei ulike utvala har sjølvstendig ansvar for å

- kalle inn til møte og starte arbeidet
- å legge fram utkast til årsplan innan 01.11.20.
- Utarbeide prosedyrar og arbeidsmalar komande haust.
- Ta bilde som dokumenterer aktiviteten med tanke på årsmelding.

#### **46/20: Dugnad - ta ut kyrkjebenker**

Soknerådet har tidlegare vedteke at medlemene tek seg av denne dugnaden. Dugnaden er utsett grunna koronasituasjonen. Målet er å fjerne to benker bakerst på høgre side (sett frå inngangsdøra) for å lage leikeområde for dei minste. Vidare skal ein ta bort ein benk om lag midt i venstre seterad for å lage tilgang for rullestol til midtgang. Evt òg fjerne ein benk framfor bordet bak som er nytta av kyrkjevertane.

Det er søkt riksantikvaren om løyve til å gjere endringane.

Det er vidare avklara med *Opplysningsvesentets fond* (som administrerer prestegardane) at ein kan lagre benkene i 2. etasje i naustet til prestegarden.

AU føreslår følgjande for praktisk gjennomføring av dugnaden (framlegg til vedtak):

- Dato: torsdag den 01.10. kl 17.
- Tore Brudvik inviterast med for å låse inn på naust (sogelaget brukar naustet til restaurert færing).
- Jostein Risa kjenner detaljar kring fjerning av benkene og inviterast med på dugnaden.
- Følgjande skal gjerast: Demontering av benkene, sparkling og måling av golv, transport (Helge stiller med tilhengar), lagring på prestegardsnaustet. Dersom det er plass, lagrar ein òg benker som er fjerna før og som er lagra i redskapsbua på kyrkjegarden.
- Kven frå soknerådet kan deltake ? – totalt 4-5 pers.
- Det bør kjøpast inn leikematter til leikearealet. Anne Karin leitar fram alternativ. Kostnad dekkast over soknerådskonto.

#### **Vedtak:**

Dugnaden må utsettast til elektrikar har kopla av straum for omnane under benkene som skal flyttast. Ein kjem attende med ny dato.

Desse vert med på dugnaden i tillegg til Tore Brudvik, Jostein Risa og Helge: Kari, Anne Karin, Laila

#### **46/20: Ymse**

##### **a. Uttale om tilsetjing av organist.**

Laila Vang gjekk ifrå som ugild ettersom ho er ein av søkjarane.

Soknerådet var delt i tilrådinga. Følgjande moment var trekt fram:

- Miguel Espinoza (ME) har master i utdanning i musikk og kan vere ein viktig fagperson å få til distriktet. 30% stilling kan vere ein start med høve til auka stilling på sikt. ME kan innebere ei musikalsk styrking totalt i regionen og dekke opp organistfunksjonen for fleire av kyrkjene. Var vist til høg alder blant noverande kantorar/organistar.
- Det var usikkerheit om ME sin pedagogiske evne i samband med anna tilgrensande arbeid (konfirmantarbeid o.l.).
- Å meistre norsk språk må vere eit krav i samband med stillinga. Var uttrykt undring over at søknad er på engelsk etter 2 år i Norge.
- Vart uttrykt uvisse om ME vil bli stabil i stillinga over tid med omsyn til standarden på musikkinstrumenta i kyrkjene i Balestrand (berre eitt kyrkjeorgel – i Tjugum, elektronisk orgel i Sæle og trøorgel i Kvamsøy).
- Det er ikkje lyst etter stilling utover 30% i Balestrand.

- Laila Vang (LV) er utdanna musikk lærer i tillegg til pedagogisk utdanning og har vist over lang tid at ho kan bidra i kyrkjelydsarbeid.
- Vi kjenner ikkje ME medan vi kjenner LV som muskar.

**Vedtak:**

Soknerådet innstiller begge, men ser det vanskeleg ut frå ovannemnde problemstillingar som skulle vore betre opplyst, å gjere prioritering.

**b. Kostnader i samband med dugnad:**

Helge viste til fare for overforbruk i samband med elektrikararbeid ved dugnadane på Tjugum.

**Vedtak:**

Soknerådet innstilt på å dekke kostnadane bortsett frå kostnader med fråkopling av omnar i samband med fjerning av benker. Dette tiltaket er vedteke for mange år sidan og ein søker fellesrådet om dekking av kostnader her.

**c. Økonomi for soknerådet:**

Det vart etterlyst oversyn over økonomien for soknerådet – kva ein har i ulike fond og kva ein har som driftsmidlar.

Kari opplyste at det er nært føreståande møte med Jostein om dette. Det vert laga oversikt over dei ulike fond, bundne og ikkje bundne og driftsmidlar.

Referent

Helge Ulvestad